



Treffet på Neset samla 20. Bak frå venstre står Nils Lyngnes, Tor H. Myklebust, Berit Lyngnes (Landa), Per Klemetsen, Anne-Brith Klemetsen, Birger Myklebust, Hans Gustav Musland, Kari Hermansen, Ole Petter Thunes, Leon Gundersen, Odd Eltvik og Målfrid Eltvik. Foran frå venstre sit Brith Tove, Eli Thunes, Berit Lappegård, Dag Hermansen, Johan Grønvig, Bjørg Grønvig, Mariann Pedersen og Harald Pedersen.

**Denne kvelden har vore eitt nytt høgdepunkt for Sandaslekt.**  
**Sysknebådtreff nummer 4 på 14 år er avvikla med mimring, sang, musikk, leik og gedigen servering og band som var sterke før har vorte enda sterkare.**


**Treffet gjekk denne gongen føre seg i telt på Neset og stor kreativitet vart lagt for dagen. Til dømes er vi ikkje i tvil om at ein ny krokett-variant som vert Dag Hermansen lanserte vil koma på OL-programmet. 20 har vore med i treffet.**



Alvilde Stuland tok dette bildet av flokken i 1950. Då var 4 enno ikkje født. På trappa på Neset er desse: 1 Anne-Brith Klemetsen (Bringedal) 2 Marit Gundersen (Bringedal) 3 Trygve Harald Hermansen 4 Tor H. Myklebust 5 Kari Hermansen 6 Egil Myklebust 7 Birger Myklebust 8 Gjert Myklebust 9. Norvald Zahl 10. Beryl Rasmussen 11. Mariann Pedersen (Hermansen) 12 Marit Zahl 13 Bjørg Zahl 14 Torfinn Myklebust 15 Brith Tove 16 Målfrid Eltvik (Koltveit) 17 Bjørg Grønvig (Myklebust) 18 Kirstin Haagheim 19 Eldbjørg Sivertsvoll 20 Berit Lyngnes (Landa)

Det starta i 1993 med 100 deltakarar i det store slektstemnet på bakkane på Sanden og dette gav inspirasjon til det fyrste treffet for syskenebådna 5 år seinare. Det fann stad i Vertshuset og Målfrid, Eldbjørg og Brith-Tove var organisatorar. for rundt 30 deltakarar.





[Kven er kven? Det kan du finna ut ved å bruka denne skissa](#)

Neste treff var i Kolltveithuset i Skårhaug i 2007 og det var utløyst av at Beryl Rasmussen kom på besøk frå Toronto i Kanada. I fjor var det treff att, hos Musland i Skårhaug, og deltakartalet var igjen oppunder 30, som sist gong.



[Ein truleg epokegjerande form for krokett vart spela](#)

Når ein spør flokken av slektingar kvifor dei møtes og det enda oftare enn før er svaret enkelt og greitt:

- Fordi vi har det så kjekt saman. Alle kjenner kvarandre godt og har gjort det heilt frå vi var små. Vi var saman i feriane og seinare har det vore naturleg å halda fast i og styrka banda.  
Spennvidda med omsyn til alder no er frå 89 (Tor H. Myklebust) og ned til 51 (Eli Thunes)

Velkomstsangen sa det meste:

På trappa sto ein brokut flokk  
med veldig alders-strekk  
og nokre har ein gråkvit lokk  
og andre har gått vekk,  
men lag med resten gjer livet rikt  
og sikkert lengre med  
vi skålar høgt og vel forlikt  
for slekta vår sitt tre

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Mange gode minner vart kalla fram av gamle bilete